

## **Kommunestyret har behandla sak 104/2022 i møte den 15.12.2022**

### **Behandling**

Behandlinga av saka tok til med at gruppeleiar / representant frå kvart parti hadde ei innleiing: Tore Bøygard for Arbeiderpartiet, Ivar Brevik for Senterpartiet, Marit Sehl for Sosialistisk Venstreparti, Torleif T. Dalseide for Venstre og Erik Gullstein Torpe for Framstegspartiet

### **Følgjande nye framlegg vart sette fram:**

#### **Knut Einar Haug (H):**

- Overføre 50 millionar meir til disposisjonsfondet for nedbetaling av lån. Linje 21 på side 16 heves frå 20.831.000 til 70.831.000 Pengane tas frå auka overføringar til disposisjonsfond. (side 9) (side 16 linje 28) betre resultat i 2021 med 50. millionar som Høgre foreslo skulle gå til nedbetaling i sak 33/2022 (Betale 50 millionar meir)
- Eigedomsskatten for private vert senka til 1 promille. Verker og bruk uendra.

#### **Framlegg frå Ivar Brevik (Sp) om å ta inn att følgjande prosjekt:**

Investeringsprosjekt nr. 145 Ål helsetun: Forprosjekt omsorgsbustader-basseng med kr. 300.000 vert finansiert i 2023. Finansiering ved midlar frå Enøk i eigne bygg.

#### **Framlegg frå Torleif T. Dalseide (V):**

Formannskapet skal i god tid før neste års budsjettprosess i samarbeid med rådmannen sjå på moglegheitene for å endre arbeidet med årsbudsjettet på ein slik måte at det blir synleg kva budsjetttramme partia går for. Målet med arbeidet er å gjere framtidige driftsbudsjett mindre avhengig av kraftinntekter og dermed meir økonomisk berekraftige.

#### **Framlegg frå Tore Bøygard (Ap):**

Arrangementsfondet vert auka med kr. 50.000, finansiert frå næringsfondet.

#### **Framlegg frå ordførar Solveig Vestenfor (Ap):**

Redusere pott til Kleivi næringspark frå kr. 432.000 til 250.000

### **Følgjande mindretalsframlegg frå formannskapet vart fremma:**

#### **Dagfinn Bøygard (Ap):**

Framlegg om å ta ut posten Nydyrking, kr. 250.000 i 2023 og med kr. 400.000 frå 2024 med finansiering frå næringsfondet.

#### **Olaf B. Buseth (Ap):**

Framlegg om å ta ut postane:

- Tidleg innsats i skulen ca. kr. 437.000
- IKT oppvekst ca. kr. 500.000
- Felles møtetid i barnehagane ca. kr. 92.000

#### **Tore Bøygard (Ap):**

- Framlegg om å ta ut posten Storhelg i Hallingdal, kr. 50.000 i 2023, finansiert frå disposisjonsfond. Vert sidan å innarbeide i budsjett.
- Ta inn att alternativet om ein generell auke på kr. 50.000 til lag og organisasjonar.

**Marit Sehl (SV):**

- Framlegg om å la eigedomsskatten bli ståande på 3 promille.

**Lene Prestegard (Ap):**

Framlegg om å ta inn att posten Grunnbemanning helse og omsorg, økonomiplan 2024-2026, kr. 1.600.000 årleg (posten har falle ut av lista)

-----  
**Votering:**

- Framlegget frå Knut Einar Haug (H) om å overføre kr. 50.000.000 meir til disposisjonsfondet for nedbetaling av lån fekk **4 røyster (4H) og fall.**

- Det låg føre tre alternativ til vedtak for eigedomsskatt.

Det vart fyrst røysta over framlegget frå Knut Einar Haug (H) om å senke eigedomsskatten for private til 1 promille.

Framlegget fekk **5 røyster (4H, 1Frp) og fall.**

Framlegget frå Marit Sehl (SV) om å la eigedomsskatten bli ståande på 3 promille **fekk 2 røyster (2SV) og fall mot 23 røyster for fleirtalsframlegget frå formannskapet** om å redusere frå 3 promille til 2 promille i 2023.

- Framlegget frå Ivar Brevik (Sp) om å ta inn att investeringsprosjeket nr. 145 Ål helsetun, med kr. 300.000 i 2023, finansiert med midlar frå Enøk i eigne bygg, vart **samrøystes vedteke.**

- Framlegget frå Torleif T. Dalseide (V) vart **samrøystes vedteke.**

- Framlegget frå Olaf B. Buseth (Ap) om å ta ut posten Tidleg innsats i skulen, ca. kr. 437.000 fekk **9 røyster (9Ap) og fall.**

- Framlegget frå Olaf B. Buseth (Ap) om å ta ut posten IKT oppvekst, ca. kr. 500.000, fekk **10 røyster (9Ap, 1V) og fall.**

- Framlegget frå Olaf B. Buseth (Ap) om å ta ut posten Felles møtetid i barnehagane, ca. kr. 92.000, fekk **9 røyster (9Ap) og fall.**

- Framlegget frå Tore Bøygard (Ap) om å ta ut posten Storhelg i Hallingdal, kr. 50.000, vart **vedteke med 13 røyster (2SV, 2H, 1V og 8Ap, Solveig Vestenfor røysta med mindretalet).**

Før votering over dette framlegget reiste Solveig Løkensgard Arnegard (Sp) spørsmål om sin habilitet som medlem av styret i Hallingdal juniorspelemannslag. Ho vart samrøystes kjent habil.

- Framlegget frå Dagfinn Bøygard (Ap) om å ta ut posten Nydyrking kr. 250.000 i 2023 og med kr. 400.000 frå 2024 med finansiering frå næringsfondet, fekk **9 røyster (9Ap) og fall.**

- Framlegget frå Lene Prestegard (Ap) om å ta inn att posten Grunnbemanning helse og omsorg, økonomiplan 2024-2026, kr. 1.600.000 årleg, vart **samrøystes vedteke.**

- Framlegget frå Tore Bøygard (Ap) om ein generell auke på kr. 50.000 til lag og organisasjonar, vart **samrøystes vedteke.**

- Framlegget frå Solveig Vestenfor (Ap) om å redusere potten til Kleivi Næringspark frå kr. 432.000 til kr. 250.000, vart **samrøystes vedteke.**

- Framlegget frå Tore Bøygard (Ap) om å auke arrangementsfondet med kr. 50.000, finansiert frå næringsfondet, vart **samrøystes vedteke**.

Til slutt vart innstillinga til samla budsjett for 2023 og økonomiplan 2023-2025 samrøystes vedteke, med endringar som var tilrådde av formannskapet, og med framlegg som vart sette fram, og fekk fleirtal under voteringa i kommunestyret.

Rådmannen vert gitt fullmakt til å redigere slik at dei rette summene kjem inn i budsjettet.

#### **Vedtak:**

Ål kommunestyret vedtek Årsbudsjett for 2023 med slike hovudpunkt – henvising til dokument kalla «Formannskapet sitt framlegg 5.12.2022 (etter høyringsuttaler), samt til mindretalsframlegg som vart fremma og nye framlegg som vart sette fram, og fekk fleirtal under voteringa i kommunestyret:

1. Skatt:
  - a. Skatt på formue og inntekt samt selskapsskatt for 2023 blir fastsett til dei maksimalsatsar som er vedteke av Stortinget
  - b. Ål kommune skriv ut eigedomsskatt etter Eigedomsskattelova (Eskl.) §§ 2 og 3. Utskriving av eigedomsskatt følgjer Eskl. § 3, bokstav
  - c. Skatteøyret for næringsseigedom blir sett til 7 ‰ med heimel i Eskl. §§ 10 og 11, fyrste ledd
  - d. Skatteøyret for bustad- og fritidseigedomar blir sett til 2 ‰ med heimel i Eskl. §§ 10 og 11, fyrste ledd
  - e. Det blir skriva ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget i samsvar med overgangsregelen i Eskl. § 3, 3.de ledd, fyste punktum. Det særskilte grunnlaget skal i 2023 vere lik 2/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som har sin bakgrunn i at produksjons-utstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 blir sett på som næringsseigedom.
  - f. Skatteøyret for det særskilte skattegrunnlaget er 7 ‰ i samsvar med overgangsreglane til Eskl. §§ 3 og 4, fyrste ledd, siste punktum
  - g. Eigedomsskatten blir skriva ut i to terminar i samsvar med Eskl. § 25. Eigedomsskatten blir skriva ut saman med andre kommunale avgifter.
2. Driftsbudsjettet for 2023 blir vedteke i samsvar med Bevilgningsoversikt drift – side 21 (alle tal i heile 1.000 kroner)

#### **Til fordeling drift – kr. 452.556.000**

3. Driftsbudsjettet – nettorammar – for 2023 blir vedteke i samsvar med fordeling – skjema 1B - side 22 (alle tal i heile 1.000 kroner)
4. Investeringsbudsjettet blir vedteke i samsvar med Bevilgningsoversikt investering (skjema 2A) side 24 (alle tal i heile 1.000 kroner)

Sum investeringsutgifter egne investeringar – netto **kr. 78.920.000**

Sum kjøp av eigenkapitalinnskott KLP – **kr. 1.450.000**

Totale investeringar – netto **kr. 80.370.000**

5. Investeringsbudsjettet pr. prosjekt blir vedteke i samsvar med oversikt skjema 2B – side 25-26 (alle tal i heile 1.000 kroner)
6. Rådmannen får fullmakt til å ta opp lån slik:
  - a. Ordinære investeringar og sjølvkostinvesteringar – **kr. 50.978.000**  
Dette lånet skal ha 30 års avdragstid
  - b. Til vidareutlån – Startlån – kr. 4.000.000  
Dette lånet skal ha 15 års avdragstid
7. Formannskapet får delegert fullmakt til å løyve inntil kr. 100.000 frå «Formannskapets pott»
8. Rådmannen får i samsvar med økonomireglementet og i samråd med formannskapet mynde til å disponere inntil kr. 400.000
9. Kommunen sine betalingsordningar, eigenbetaling, avgifter og gebyr, blir handsama i egne saker der dette er naudsynt utover dei retningslinjer som ligg i budsjettokumentet
10. Busetting av flyktningar kan i 2023 skje innafor ei ramme på inntil 40 flyktningar
11. Kommunestyret ber rådmann sette ned ei breitt samansett arbeidsgruppe frå administrasjon og tillitsvalde med fokus:
  - Tiltak for å behalde tilsette i Ål kommune
  - Tiltak for å rekruttere nye tilsette til Ål kommuneDette i tillegg til eksisterande tiltak.  
Framlegg til tiltak skal leggest fram til politisk behandling i kommunestyret 19. april 2023.  
Tiltaka skal innehalde kostnader for kvart tiltak.  
Tiltak som eventuelt blir sett i verk i løpet av 2023 blir dekkja av disposisjonsfondet.  
Kostnader utover 2023 blir innarbeidd i budsjett frå 2024.
12. Formannskapet skal i god tid før neste års budsjettprosess i samarbeid med rådmannen sjå på mogleghetene for å endre arbeidet med årsbudsjettet på ein slik måte at det blir synleg kva budsjetttramme partia går for. Målet med arbeidet er å gjere framtidige driftsbudsjett mindre avhengig av kraftinntekter og dermed meir økonomisk berekraftige.

Økonomiplanen sine år 2024-2026 blir retningsgjevande for vidare kommunal planlegging

